

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 252	18/8

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/2018	Kommunestyret	PS	14.06.2018

Søknad om tilleggsopptak for startlån for vidarefordeling - 2018

Forslag til vedtak:

Modalen kommune søker Husbanken om kr. 1 400 000,- i tilleggsøyving til vidarefordeling av startlån og tilskot i 2018.

Saksopplysningar:

Modalen kommune mottok midlar frå Husbanken til vidarefordeling innanfor områda startlån, tilpassing og etablering. For 2018 mottok kommunen kr. 200 000,- til startlån og kr. 50 000,- til tilpassing. Samla sum til vidareutlån av startmidlar er p.d.d. kr. 1 450 499,-.

Det er variabelt i kva grad – og om det kjem startlånsøknadar kvart år. I tillegg kan storleiken på søknadssummen variere. For 2018 er det fleire søkjarar enn normalt, og samstundes søkjarar som kan kvalifisere for lån.

Ramma Modalen kommune har til disposisjon er ikkje tilstrekkeleg for å innvilge evt. søknadar. Etter råd frå Husbanken søker Modalen kommune difor om tilleggssøknad for 2018 på kr. 1 400 000,-. Det vil kunne bli aktuelt å søkje fleire slike tilleggsøyvingar frå Husbanken gjennom året. Det heng saman med tal og utfall av evt. søknadar.

Bakgrunn

Modalen kommune skal kunne nytte startlånmidlar til å sikre søkjarar ein stad å bu. Dette er søkjarar som ikkje kan få lån i privatbank. Å sikre særleg barnefamiljar er eit viktig folkehelseiltak kor ein m.a. investerer i barndomsår for involverte barn.

Vurdering

Rådmannen rår til at Modalen kommune søker Husbanken om tilleggsøyving på kr. 1 400 000,- i

2018.

Konklusjon

Kommunestyret - 028/2018

KS - behandling:

Linda Neset: Vert samla sum for vidareutlån då ca. 2,9 mill.? Ass. rådmann: ja.
Sigmund Vikane: Saka manglar konklusjon. Ass rådmann orsakar forgløyming.
Vedtaket var samrøystes

KS - vedtak:

Modalen kommune søker Husbanken om kr. 1 400 000,- i tilleggsløyving til vidarefordeling av startlån og tilskot i 2018.